



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 04.07.2023
Vår ref: 22/05802-4
Deres ref: 2022/4056-50

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Pollen næringsområde i Kvinnherad kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 9. juni 2023.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om planen

Hensikta med planen er å leggje til rette for næringsutvikling på Sunde med utvikling av to næringsstomter som opnar for industri, handverks-, service- og lagerverksemd med tilhøyrande infrastruktur. Planforslaget skal også sikre allmennheitens interesser når det gjeld friluftsliv, og forbetre trafikksituasjonen for mjuke trafikkantar i område. Planforslaget er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

Fråsegn frå DMF

DMF ga fråsegn til varsel om oppstart av planarbeidet 22. november 2022. Her meinte vi at det burde gå fram av plana korleis ny arealbruk verkar inn på den registrerte mineralførekomsten i planområdet.

Det kjem fram av merknadsskjema at eventuelle restførekomststar ikkje blir tilgjengeleg etter utbygging. DMF meiner dette bør gå fram av planomtala, men sluttar seg elles til vurderinga. Vi har ikkje noko fleire merknadar til forslag til detaljregulering for Pollen næringsområde i Kvinnherad kommune.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verkøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

Mottakarar:

Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Kopi til: